



Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Vår ref.
21/234-21/N-000/JONE

Dykkar ref.

Dato:
24.03.2021

Uttale i frå Kvam herad til - Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Kvam herad har i HST-sak 028/21, gjort fylgjande vedtak:

Kvam heradsstyre er positive til at det vert lagt fram ei regional plan for innovasjon og næringsutvikling for Vestland fylke med visjon om å vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Kvam herad vil peike på fylgjande som innspel til planen:

- For Kvam og Hardanger, med ressursar innan frukt, fjord, foss, fjell og fonn, bør dette trekkast fram som grunnlag for satsingsområda, i den framtidige innovasjons – og næringsutviklinga. Ressursane i regionen er grunnleggjande viktig for framtidige arbeidsplassar innan reiseliv, opplevingar, lokalmat, landbruk, berekraftig industri og kompetansekynger.
- Kvam og resten av indre Vestland har i dag god tilgang på rein kraft. I tillegg har Kvam og resten av regionen industriell kompetanse knytt til krafta. Rein vasskraft er i dag ein føresetnad for at me har den reinaste prosessindustrien i verda i regionen vår. Denne industrien tevlar med prosessindustri i land som har vesentlege delar av kraftforsyninga si frå forbrenning av karbon. Det er kraftoverskot av rein kraft i indre Vestland. Det er den viktigaste fordelen me har når verda skal bli karbonnøytral. Denne tilgangen på rein kraft er ein fordel mange av konkurrentane våre i inn- og utland ikkje har. Skal me utnytta denne fordelen, må det arbeidast målretta for å etablera grøn industri og verksemdar nærast mogleg der krafta er. Det kan vera produksjon av klimavenlege energibærarar som hydrogen og ammoniakk, men det kan også vera batteriproduksjon i små-/middels skala, som ikkje er meir arealkrevjande enn det er plass til langs fjorden. Datalagringscenter er eit anna døme. Slik forsynings situasjonen er i Vestland no og dei næraste åra, må ny kraftkrevjande og grøn industri planleggjast og byggjast der krafta er. Kvam herad meiner at regionane i indre Vestland i samarbeid med Vestland fylkeskommune må marknadsføra dette no, og at det slik vert synleggjort for investorar kvar det er aktuelle område der grøn industri kan etablerast.
- Den planlagde elektrifiseringa av delar av sokkelen med kraft frå land vil anten skapa stor knappheit på straum i regionen vår eller pressa fram ei storstilt vindmølleutbygging på land, og den vil uansett føra til sterkt aukande nettleige/straumpris. Desse konsekvensane vil vera dramatiske for utviklinga av nye grønne næringar, og det vil på sikt kunne føra til så stor kostnadsauke for den eksisterande prosessindustrien vår at den kan bli tvinga ut av landet. Dette

må ein unngå. Det er difor vår meining at det må arbeidast for at planlagd elektrifisering av sokkelen i all hovudsak må skje ved utbygging av offshore energikjelder, særleg havvind.

- Det er i distrikta ein finn naturressursane, arbeidsplassane og bedriftene som gjer at me skal bruka grøn konkurransekraft og grøn næringsutvikling i alle ledd for å skape «dei nye arbeidsplassane.»
- Grøn næringsutvikling i distrikta er også avhengig av god digital infrastruktur og trygge og framkomelege vegar. Koronapandemien har vist at folk kan sitja «over alt», og gjera det same arbeidet som elles har vorte gjort i felleskontor i dei store byane. Moglegheitene for å styrka distrikta med klynger med kompetansesarbeidsplassar innan dei nemnte tema, må understrekast inn i den nye planen og vera ein viktig del av innovative og inkluderande samfunn.
- Det er lagt opp til ein brei verkemiddelbruk for gjennomføring av planen. Felles møteplassar, på tvers av bransjar, forvaltningsnivå og offentleg/privat sektor, kan komma som tillegg til verkemidla som er trekt fram i planen.
- Handlingsprogrammet.
I høve til handlingsprogrammet for «grøn næringsutvikling», bør ein av strategiane vera «berekraftig satsing på naturressursane i Hardanger». I høve til «innovative og inkluderande samfunn», bør ein av strategiane vera «tilrettelegging av likeverdig digital infrastruktur i heile fylket». I høve til «areal for næringsutvikling», bør ein av strategiane vera «å optimalisera den interne fylkeskommunale dialogen med kommunane».
- Bygga opp under samspelet mellom distrikt, regionsenter og storby i regionen, framelska synergieffektar framfor motsetnader og vektlegge områdefordelar.
- Utvikla kulturbaserte næringar i samspel med bærekraftig reiseliv og opplevingar
- Oppretthalda og vidareutvikla desentralisert vidaregåande opplæringstilbod, med høve til fleksible løysingar for eit allsidig utdanningstilbod i samarbeid med næringslivet.
- Tilbod for etterutdanning og omskolering for vaksne på område med mangel på arbeidskraft
- Distrikta må vere godt representert i vidare arbeid med utvikling av handlingsplan

Helsing

Jon Nedkvitne

Samfunns- og utviklingssjef

Telefon: 97953274

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Vedlegg

24.03.2021

Tittel

Uttale i frå Kvam herad til regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033